



Karin Haukedal
Beitingsvegen 194
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/537 - 14/8037

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laedre@meland.kommune.no

Dato:
22.05.2014

Godkjenning - frådeling av parsell til bustad, gnr. 4, bnr. 5 Beitingen.

Administrativt vedtak. Saknr: 129/2014

Saksutgreiing:

Det er i søknad, stempla motteke 19.09.2013, søkt om frådeling av ein parsell frå eigedomen gnr, 4, bnr. 5, Beitingen. Parsellen skal nyttast til bustadtomt.

I kommuneplanens arealdel er omsøkt eigedom vist som LNF-område. Det vart i søknad, stempla motteke 19.09.2013 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel vart avslått ved delegert vedtak den 13.01.2014, sak DNT.010/14. Avslaget vart påklaga og Utval for drift og utvikling godkjente dispensasjonssøknaden, for frådeling av parsell for oppføring av bustad, med endeleg vedtak i møte 01.04. 2014, sak 29/2014, i medhald av plan og bygningslova § 19-2. Vedtaket vart ikkje påklaga og sjølve søknaden kan no handsamast etter plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m.

Parsellen skal ha tilkomst via opparbeidd privat veg tilknytt kommunal veg. Det ligg føre erklæring/uttale frå gnr. 4, bnr. 5, som sikrar frådelt parsell bruksrett til privat veg.

Det er opplyst at framtidig bustad skal knytast til offentleg vass- og avlaupsanlegg. Det ligg føre erklæring/uttale om legging av VA-leidningar.

Nabovarsling

Det er ikkje sendt ut nabovarsling, då det ikkje er direkte naboar til tiltaket.

Vurdering:

Dispensasjonsvedtaket gjev grunnlag for å handsame søknaden etter § 20-1 bokstav m i plan- og bygningslova.

Vassforsyning/avlaup:

Det må sendast inn søknad om tilkopling til offentleg VA-anlegg seinast saman med byggesøknaden, jfr plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Rett til å leggje og vedlikehalde VA-leidningar, skal vera sikra ved tinglyst dokument. Slike avtalar skal tinglysast ved oppretting av den nye parsellen.

Tilkomst:

Administrasjonen har ingen innvendingar mot utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg i Beitingen.

Erklæring som sikrar rett til bruk av privat veg over gnr. 4, bnr. 5, skal tinglysast ved oppretting av den nye parsellen, jfr. Plan- og bygningslova § 27-4.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1, bokstav m, søknad om oppretting av ny grunneigedom på 900 m² frå gnr. 4, bnr. 5 i samsvar med søknad, stempla motteke 19.09.2013, og som vist på situasjonskart av same dato. Endelege grenser vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Erklæring som gjev rett til å føre vass-/avlaupsleidning over annan sin grunn, jfr Plan- og bygningslova §§ 27-1 og 2, skal tinglysast ved oppretting av den nye parsellen.

Erklæring som sikrar den nye parsellen rett til bruk av den private vegen over gnr. 4, bnr. 5, skal tinglysast ved oppretting av den nye parsellen, jfr plan- og bygningslova § 27-4.

I medhald av veglova § 40 vert det gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg i Beitingen.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jfr Plan- og bygningslova § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jfr vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Karin Haukedal

Beitingsvegen 194 5918

FREKHAUG